

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Johan Tjøland  
Arkivsaksnr.: 16/2973 - 22

Arkiv: Q21

### Planlagt behandling:

Formannskapet  
Kommunestyret

## **PLANID 8200 - NY GANG- OG SYKKELVEG LANGS FV 252 LALANDSVEGEN - TILLEGGSBEVILGNING BUDSJETT 2019**

### **Bakgrunn for saka:**

I budsjettet for 2015 og handlingsplan for 2015 . 2018, blei det sett av totalt 18 millionar til bygging av gang- og sykkelveg langs Lalandsvegen, fordelt med 9 millionar i 2016 og 9 millionar i 2017. Forslaget om løyving kom som eit forslag i økonomiplanutvalet, og blei omtalt som løyving til del 1 av gang- og sykkelvegen frå Tu til Klepp Stasjon, nærare bestemt dei første 1980 metrane fram til krysset med Fjogstadvegen. Kommunestyret var då kjende med at gang- og sykkelvegen ikkje var planlagt eller regulert.

I dei komande økonomiplanane vart denne løyvinga i hovudsak vidareført, men med litt endringar i kva år løyvinga vart avsett. I omtalen av kalkylen er det lagt til grunn ein opparbeidingskostnad på 6500 kr/meter. Denne meterprisen bygde på erfaringstal frå Statens vegvesen. Statens vegvesen har dei siste åra oppdatert denne meterprisen til 10 000 kr/meter. I økonomiplanen for 2016 er det antatt at det ser ut til at bevillingane vil kunne dekke del 1 og 2, dvs totalt 2830 meter.

Av den opphavslege ramma på 18 millionar vart det i 2016 og 2017 brukt 2 459 000,- Dette er utgifter knytt til prosjektering, geotekniske undersøkingar og arkeologiske undersøkingar.

I budsjettet for 2018 var bevillinga, inkludert rebudsjettering kr. 16 306 000. Av dette er det pr 16/5 2018 brukt 800 000 til prosjektering, geotekniske undersøkingar og grunnnerv, slik at det pr 16/5 2018 er 15 506 000,- disponibelt til vidare arbeid på prosjektet.

Reguleringsplanen vart endeleg godkjent i kommunestyret den 20.06.2016. Tekniske planar for gang- og sykkelvegen vart godkjent av Statens vegvesen den 21/12 2017.

Konkurransen for byggjearbeidet vart lyst ut på Doffin og det kom inn tilbod frå 10 entreprenørar innan fristen 23/3 2018. Tilbodskonkurransen omfatta arbeidet med gang- og sykkelvegen, etappe 1 og 2 og ny vassleidning for Klepp kommune.

Lågbydar hadde ein tilbodssum på 27 670 149,-. Av dette er 19 170 149,- eks MVA tilhøyrande gang- og sykkelvegen. Det var ein forskjell på 10 millionar kroner mellom lågbydar og firmaet med høgast tilbodssum.

Det er og kalkulert eit tillegg på 2 500 000,- til grunnnerv, 2 500 000,- til oppryddingstiltak på eigedommane, 1 250 000 til prosjektering og byggjeleing og 3 021 000,- til uforutsette kostnader (10%).

Samla kalkyle for å byggja etappe 1 og 2 av gang- og sykkelvegen langs Lalandsvegen vert dermed på 35 728 000,-

Beløpet kjem fram slik:

### Økonomiske konsekvensar

Brukt på prosjektet fram til 16/5 2018 (inkl MVA)	2 494 000,-
Tilbodssum frå lågbydar (inkl MVA)	23 963 000,-
Erstatningstiltak for grunneigarar (inkl MVA)	2 500 000,-
Prosjektering og byggeleiing (inkl MVA)	1 250 000,-
Uforutsette kostnader 10% eks (inkl MVA)	3 021 000,-
<b>Samla MVA pliktige kostnader</b>	<b>33 228 000,-</b>
<b>Kjøp av grunn (Grunnerverv) ikkje MVA pliktig</b>	<b>2 500 000,-</b>
<b>SAMLA KOSTNADER PROSJEKT (Avrunda tal):</b>	<b>35 750 000,-</b>

For å kunna byggja del 1 og 2 av gang og sykkelvegen langs Lalandsvegen ihht godkjent reguleringsplan vil det vera behov for å tilføra prosjektet 17 750 000,-(avrunda tal) i budsjettet for 2019.

### Vidareføring heilt fram til Klepp stasjon

I forbindelse med grunnerverv har grunneigarane stilt som krav at heile strekninga skal byggast.

I budsjettet for 2019 vil rådmannen i tillegg føreslå at det vert sett av midler til å byggja ferdig gang-og sykkelvegen ved den siste strekninga inn mot Klepp Stasjon. Dette for å knyta vegen saman med framtidig gang- og sykkelveg i Brekkevegen. Føremålet med dette er å sikra samanhengande gang- og sykkelveg gjennom Klepp Stasjon og vidare mot Engelsvoll skule.

Kostnadskalkyle for denne siste etappen, etappe 3, planlegges utført så snart tekniske planar er godkjende hos Statens vegvesen.

### Vurdering

Før dei tekniske løysingane vart avklarte, har rådmannen hatt avgrensa muligheiter for å utarbeida reelle kalkyler, og derfor har erfaringsprisar pr. løpemeter vore nytta. Desse prisane har vist seg å ikkje omfatte alle kostnadene knytt til prosjektet.

Rådmannen ser at det i budsjettarbeidet for 2018 burde vore levert meir oppdaterte kalkyler slik at kommunestyret i budsjettarbeidet hadde hatt eit betre grunnlag for å ta stilling til utbygginga. Endelege oppdaterte kalkyler har vore vanskelege å utarbeida all den tid endeleg teknisk godkjenning først vart gitt i desember 2017.

### Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner ny kostnadsramme på 35 750 000.-
2. Tilleggsøyvinga på kr 17 750 000,- til bygging av gang- og sykkelveg langs Lalandsvegen vert innarbeida i budsjett og økonomiplan for 2019 - 2022.

Rådmannen i Klepp 23.05.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*